

**Leif Hauge, Liv Byrkjeland, Ingvild Austad
og Aage Engesæter**

Kulturlandskap og museum



**Seksjon for landskapsøkologi,
Avdeling for ingeniør- og naturfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane**

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum

Januar 2004

Innhald

Samandrag	3
I. Bakgrunn	4
1.1. Innleiing	4
1.2. Musealt vern av kulturlandskap ?.....	5
1.3. Samarbeid mellom høgskule og museum.....	6
1.4. Føremål.....	7
1.5. Organisering av prosjektet	8
1.6. Presentasjon av fagmiljøa.....	8
1.7. Signal frå styresmaktene	10
II . Registrering og dokumentasjon av kulturlandskapet	12
2.1 Registrering av kulturlandskap i Sogn og Fjordane	12
2.2. Nasjonal registrering av kulturlandskap.....	12
2.3. Revisjon av kulturlandskapsregistreringar	13
2.4. Visuell dokumentasjon av kulturmiljø og kulturlandskap	13
III. Formidling.....	16
3.1. Formidling av kulturlandskapverdiar	16
3.2. Formidling gjennom tre nivå.....	16
3.3. Utstilling.....	17
3.4. Visningsturar	18
3.5 Formidling av kunnskap.....	19
IV. Museumsforvaltning av verdifulle kulturlandskap	21
4.1. Kva er museumsforvaltning?	21
4.2. Skjøtsel og drift av kulturlandskapet på musea sine eigedomar	21
4.3. Musealt vern av verdifulle kulturlandskap.....	22
4. 4. Ulike skjøtelsnivå	24
4. 5. Aktuelle ansvarsområde for museumsforvaltning.....	25
4.6. Praktisk gjennomføring	27
V. Museumsnettverk og kompetansesenter for kulturlandskap.....	28
5.1. Bakgrunn	28
5.2. Eit nasjonalt museumenettverk	29
5.3. Eit regionalt kompetansesenter	30
5.4. Organisering	32
VI. Oppsummering og konklusjon	34
Litteratur.....	36

Samandrag

Store naturverdiar, kulturhistoriske verdiar og opplevingsverdiar er knytte til det norske kulturlandskapet. Ein må innsjå at fleire av dei tradisjonelle kulturmarkstypane og arbeidsteknikkane vanskeleg kan takast vare på gjennom vanlege støtteeordningar eller innpassast som ein vanleg del av eit aktivt, moderne vestnorsk jordbruk.

Styresmaktene har gitt overordna retningsliner for arbeidet med kulturlandskap og gjev klare signal om at forvaltninga av kulturlandskap og kulturmiljø skal delegerast nedover i det offentlege systemet. Kommunane vil få nye utfordringar og behov for ny kompetanse.

Eksisterande kulturlandskapsregistreringar må systematisk reviderast støtta opp med forskingsfaglege registreringsprosjekt på ulike kulturmarker og kulturmiljø. Det er også svært viktig å setje i verk systematiske visuelle dokumentasjonsprosjekt medan ein framleis har levande tradisjonelle kulturmarkstypar og tradisjonsberarar.

Det er viktig å formidle kunnskap om kulturlandskapsverdiar, driftsteknikkar, skjøtselsteknikkar, forvaltningsmodellar og resultat frå relevante forskingsprosjekt. Dei regionale musea er viktige arenaer for slik formidling, og kan vidareutvikla denne typen formidling, gjerne i samarbeid med forskingsmiljø, t.d. ved høgskular. Rapporten syner døme på korleis musea kan vere formidlingsarena for fagkompetanse frå akademiske forskingsmiljø, og såleis kunna spela ei liknande rolle for høgskulemiljøa som universitetsmusea kan gjera for sine forskingsmiljø.

Rapporten introduserer omgrepet ”museumsforvaltning av verdifulle kulturlandskap” og skisserer opplegg for korleis musea kan få ein viktig plass i kulturlandskapsvernet, også ved å kunne ta på seg ansvar for område utanfor sjølve museumseigedomane. Slik museumsforvaltning kan ha ulike faglege skjøtelsnivå. Det vert presentert modellar for korleis museumsforvaltning av kulturlandskap kan gjennomførast.

Ein eigen delrapport presenterer framlegg om etablera eit nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap. Arbeidet med prosjektet har vist at tida ikkje er mogen for dette, og i denne sluttrapporten vert det i staden gjort framlegg om å etablera eit nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap, og eit regionalt kompetansesenter, knytt til Sogn og Fjordane.

De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane har samarbeidd om kulturlandskapsarbeid i mange år, m.a. gjennom dette prosjektet *Kulturlandskap og museum*. Det er her opparbeidd erfaring og kompetanse, som gjer det naturleg at desse miljøa kan ta ei nasjonal rolle for å vidareutvikla fagområdet, og at Sogn og Fjordane kan verta ei prøvefylke for utprøving av museumsforvaltning av kulturlandskap.

I. Bakgrunn

1.1. Innleiing

Kulturlandskapet gjennomgår omfattande endringar. Viktige biologiske kulturminne og nedarva kunnskap er i ferd med å viskast ut. Spesialisering av drifta til nokre få avlingstypar, attgroing og skogplanting på marginale areal, fjerning av kantsoner og restar av naturleg vegetasjon, har endra det kulturhistoriske og biologiske mangfaldet i landskapet.

Eksisterande lovverk og tiltaksordingar er ikkje omfattande nok til å ta vare på eit representativt utval av dei attverande kulturlandskapskvalitetane. Offentlege stønadstiltak som STILK-midlar (tilskot til spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap) er innskjerpa og endra. Dei mest verdifulle kulturlandskapa er gjerne knytt til småskalalandbruket, små bruk med mykje marginal jordbruksmark og fråflytta bruk. Til dømes er berre eit fåtal av dei 432 registrerte områda i prosjektet "Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, bruk og vern" stimulerte gjennom offentlege tiltak (Clemetsen 1997). Kulturlandskapet gror att, og dei halv-naturlege vegetasjonstypane er sterkt truga (Fremstad og Moen 2001). Denne utviklinga i jordbruket gjer det nødvendig å utgreie supplerande forvaltningsformer for kulturlandskapet, gjerne basert på nettverkssamarbeid og musealt vern.

Tendensane viser at endringane i kulturlandskapet har gått svært raskt det siste tiåret. Trass aukande løyvingar til oppretthaldingstiltak, forfell og forsvinn ikkje berre dei biologiske kulturminna (figur 1), men også andre kulturminne som er knytte til kulturlandskapet. Gamle stiar og ferdselsnett gror til, og spesialiserte bygningar med stadeigen byggjeskikk og lokale byggjemateriale vert sjeldnare å sjå. Virke både til reiskap, gjerde og bygningar vert standardisert og innkjøpt. Dei mange ressurspersonane som utøvde desse teknikkane døyr og ved sida av endringane i kulturlandskapet vert viktig kulturhistorisk informasjon viska ut.

Dei store natur-, kultur- og opplevingsverdiane som er knytte til kulturlandskapet er viktige for vår nasjonale og regionale identitet, for natur- og kulturbasert næringsutvikling, inkludert landbruk og reiseliv, og for å ivareta biologisk mangfald. Norske kulturlandskap, i første rekke forma av småskalalandbruket, er ein av Noreg sine viktigaste eksportartiklar. I tillegg til havbruk og olje betyr reiselivet mykje for norsk økonomi. Forsking viser at det er dramatisk natur, kulturlandskapet og kulturminna som folk vert tiltrekte av (Strumse 1996). Innholdsrike, varierte og vakre kulturlandskap gjev meiningsfulle opplevingar og rekreasjon, og er viktige for folk sin psykiske og fysiske helse.

Gjennom EUs Natura 2000 og andre forskingsprogram og satsingar, har andre europeiske land omfattande arbeid i gang for å kartleggja og verna om sine kulturlandskap. Det er naudsynt at Noreg er aktivt med i den satsinga som går føre seg i Europa når det gjeld naturens mangfald og kulturhistorie. Norge bør, i internasjonal samanheng, ha eit særleg ansvar for kyst-, fjord- og fjellkulturlandskapet.



Figur 1. Stort artsmangfold er knytt til kulturlandskapet og dei halv-naturlege vegetasjonstypene. Kva artar som inngår er avhengig av lokalisering, nærings- og fukttilhøve, og ikkje minst av driftsforma. Det er viktig at areala vert brukte tradisjonelt, dersom verdiane skal ivaretakast. Foto: Leif Hauge.

1.2. Musealt vern av kulturlandskap ?

Musea har ei svært viktig rolle for å ta vare på delar av kulturhistoria vår gjennom konservering av bygningar, konkrete fysiske objekt, prenta materiale og også immatrielle kulturminne.

Ein må innsjå at fleire av dei tradisjonelle kulturmarkstypene og arbeidsteknikkane vanskeleg kan innpassast som ein vanleg del av eit aktivt, moderne vestnorsk jordbruk. Er det eit ynskje, og er det mogeleg å ta vare på delar av fortida sitt kulturlandskap? Kven skal ha ansvar for dette? Kan me tenkje oss at musea kan spele ei rolle her, på same måte som musea tek vare på bygningar og gjenstandar frå fortida? Ein slik forvaltningsmodell vil framstå som ei nasjonal nyskaping.

Ein kan trekkje visse parallellar til tilstanden for kulturlandskapet i dag med det som rådde for bygningsmiljøet på slutten av 1800-talet. Restar frå det gamle bygningsmiljøet kunne då ikkje alltid tilpassast nye behov og vart ståande til nedfalls. Eldsjeler klarte etter kvart å hindre mange kulturskattar frå riving og forfall, m.a. framstår stavkyrkjene våre no som nasjonale- og internasjonale skattar. Eit stort tal tradisjonelle bygningar vart oppkjøpte, demonterte og nyoppførte i bygdetun og museum eller hjå private samlarar. Det vart også samla inn store mengder gamle interiørartiklar og reiskap.

Det tradisjonelle kulturlandskapet er dynamisk og avhengig av drift og kunnskap for å kunne overleve i det nye tusenåret. Det kan vanskeleg flyttast til eit museum etter same modellen ein har gjort med bygningar, tekniske element og reiskap.

Den heilskaplege kulturarven og spesielt dei "biologiske kulturminna" manglar framleis eit "sikkerheitsnett" i norsk vernesamanheng, sjølv om paragrafane 15 og 20 i kulturminnelova er nytta i slike samanhengar.

Tida er no mogen for å tenkje musealt også for einstilte element frå det tradisjonelle kulturlandskapet. Det vil vere ei stor utfordring å etablere eit forvaltar- og koordineringsansvar for eit tverrsnitt av kulturmarkstypar. Mange av desse kulturmarkene er allereie, og vil ikkje minst på sikt, vere uvurderlege referanseområde med stor pedagogisk og forskingsmessig verdi.

Målet er å etablere eit forvaltningssystem som sikrar eit variert utval av rike kulturlandskapskvalitetar og viktige biologiske kulturminne. Organiseringa vil setje fokus på samverknaden mellom natur, landskap, kulturminne og menneskeleg påverknad generelt, og på kulturhistorie og mangfaldet av handverksteknikkar spesielt.

1.3. Samarbeid mellom høgskule og museum

Høgskulen i Sogn og Fjordane og De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum sette kulturlandskapet på dagsorden i museumsverda allereie frå midten av 1980-åra. Planane om å etablere eit mest mogeleg heilskapleg og korrekt kulturlandskap rundt museumsbygningane tok form i samband med at bygningane vart flytta til eit nytt og større område (Aaraas & Austad 1989). Friluftsmuseet vart gradvis omdanna til eit levande kulturlandskap med slåttemarker, hesjar, styvingstre, gamle husdyrrasar og gjerde, og det vart laga ein omfattande plan for museal drift av kulturlandskapet på friluftsmuseet (Austad & Aaraas 1990). Med nokre tilpassingar undervegs, har friluftsmuseet på De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum stor sett vore drive etter modellen som vart skissert i den første planen (Dahle 2000). Det er også utarbeidd ei skjøtselsplan for småbruket Kyrkjeteigen i Eidet som museet eig (Pettersen 2003). Samarbeidet mellom høgskulen og musea sette i gong ein ny trend i den norske museumsverda - kulturlandskapet vart ein del av folkemusea.

På bakgrunn av samarbeidet med høgskulen, gav fylkeskommunen De Heiberske Samlinger – Sogn folkemuseum det overordna ansvaret for naturhistorie ved dei kulturhistoriske musea i fylket. I 1999 vart det sett i gong eit prosjekt om integrering av naturhistorie på musea i fylket. Nettverksbygging mellom forskingsmiljø, museum og naturinformasjonssenter var sentralt i prosjektet, som var både nasjonalt og regionalt finansiert (Byrkjeland 2002). Prosjektstillinga vart gjort til ei permanent fellesstilling som naturhistorisk konservator for dei fire store kulturhistoriske musea i fylket i 2002.

Idear om å gje musea ei rolle i drifta av kulturlandskap vart først presenterte av førsteamanuensis Leif Hauge på eit regionalt seminar 24. oktober 2000 om "Kulturlandskap og museum", der blant anna Norsk Museumsutvikling, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen si miljøvern avdeling og landbruksavdeling og musea i fylket var deltakarar. Tankane vart seinare og presenterte på eit forskar- og forvaltningsseminar om "kulturisme" i Sogndal 27.-28. november same år (Hauge 2002).

Med dette utgangspunktet sende De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane søknad om finansiering av eit toårig prosjekt med eit totalbudsjett på kr. 600 000. Prosjektet fekk tilskot på kr. 100 000 frå Norsk Museumsutvikling i 2001, kr. 50 000 i 2001 og nye kr. 50 000 i 2003 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Tilskota har vore mindre enn det som var omsøkt, og prosjektet har vorte tilsvarande redusert i høve til søknaden.

1.4. Føremål

Føremålet med dette prosjektet vart opprinneleg skissert slik i prosjektsøknaden til Norsk Museumsutvikling (no ABM-utvikling):

1. Utvikle ein museal forvaltningsmodell for tradisjonelle kulturlandskap og kulturmiljø gjennom å etablere og vidareutvikle ein samarbeidsmodell mellom musea, grunneigarar, fagmiljø og forvaltningsmiljø. Nivå, organisasjonsmønster, drift og økonomi for ein museal nettverksmodell må gjennomdiskuterast.
2. Utarbeide framlegg til kategoriar, miljø, område og objekt som har kvalitetar til å inngå i eit kulturlandskapsnettverk, spesielt i samarbeid med avdeling for naturfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane.
3. Utvikle eit system for museal formidling av regionale kulturlandskapskvalitetar i, her spesielt i tilknytning til Sogn Folkemuseum.
4. Utvikle idear om eit kompetansesenter for kulturlandskap.

1.4.1. Definisjon av omgrep og strukturering av rapporten

Museal forvaltningsmodell vert i denne samanheng nytta om musea som aktive aktørar i arbeidet med å ta vare på kulturlandskap og kulturmarkstypar som er representative for ein bestemt tidsperiode. Museumsforvaltning er noko anna enn forvaltning av lovverk, og må ikkje forvekslast med oppgåvene som den offentlege forvaltninga har ansvar for. Punkt 1 er omtala i kapittel IV.

I kapittel V er omgrepet *sjøtselsnivå* brukt om ulike måtar å vedlikehalde kulturlandskapet på. Dei ulike nivåa er kategorisert i *historisk korrekt sjøtsel*, *tilpassa kulturhistorisk sjøtsel*, *verdibevarande sjøtsel* og *landskapsbevarande sjøtsel* som er nærare definert i kapittel V.

Kulturlandskapsnettverk er i denne rapporten nytta om eit utval av representative område for prioriterte kulturlandskap knytt opp mot musea sitt arbeid med kulturlandskap. Punkt 2 er omtala i kapittel II i rapporten.

Punkt 3 om å utvikle eit system for museal formidling av kulturlandskap er omtalt i kapittel III, og punkt 4 om å utvikle idear om eit kompetansesenter for kulturlandskap er omtalt i kapittel V.

I kapittel V er ordet *museumsnettverk* brukt om eit samarbeidsnettverk mellom ulike museum med interesse for kulturlandskap på regionalt og nasjonalt nivå.

1.5. Organisering av prosjektet

Det vart nedsett ei prosjektarbeidsgruppe i 2001 samansett av Ingvild Austad og Leif Hauge frå Høgskulen i Sogn og Fjordane, og Aage Engesæter og Liv Byrkjeland frå De Heiberske Samlinger - Sogn Folkemuseum. I arbeidet med kompetansesenterdelen av prosjektet vart denne arbeidsgruppa utvida med fylkesdirektør Lidvin M. Osland frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune og museumsdirektør Olav Aaraas frå Norsk Folkemuseum etter rektorvedtak ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF). Arbeidsgruppa har rapportert til HSF-styret om etablering av eit "Kompetansesenter for kulturlandskap" (Hauge et al. 2002). HSF-styret gjorde vedtak om å sjå "positivt på forslaget om å etablere eit Nasjonalt nettverks- og kompetansesenter for kulturlandskap med basis i fagmiljøa ved HSF og De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

I og med prosjekttilskota vart mindre enn omsøkt, vart ikkje prosjektet organisert med eigen prosjektleiar. Midlane har i staden vorte nytta til frikjøp av professor Ingvild Austad og førsteamanuensis Leif Hauge. Naturhistorisk konservator Liv Byrkjeland har også vore aktiv i framdrifta av dette samarbeidsprosjektet.

1.6. Presentasjon av fagmiljøa

1.6.1 Seksjon for landskapsøkologi - (Avdeling for ingeniør- og naturfag)- Høgskulen i Sogn og Fjordane

Fagmiljøet ved seksjonen er i januar 2004 samansett av fire faste stillingar (ein professor, to førsteamanuensisar og ein amanuensis), fire stipendiatstillingar (tre KUF-stipendiatar og ein NFR stipendiat), og delstillingar til to prosjektmedarbeidarar (ein i 50% stilling og ein i 80% stilling).

Fokus på problemstillingar i kulturlandskapet, fyrst og fremst det vestnorske, starta opp fyrst på 1980-talet med undersøkingar av halv-naturlege vegetasjonstypar (kulturmarkstypar). Undersøkingane omfatta fyrst og fremst vegetasjonssamansetjing og økologiske parametrar som jordsmonn (næringsinnhald), og klima. Dette vart sett i samanheng med driftsform (menneskestyrte og naturlege økologiske prosessar) og historisk bruk (kontinuitet og alder). Undersøkelsane omfatta kulturmarkstypar som m.a. haustingsskogar, hagemarker (bjørkehagar og einerhagar), lauvenger og slåtteenger. Det vart også sett i gang fleire restaurerings- og skjøtselsforsøk med påfylgjande publikasjonar.

I åra 1986 - 2004 har tilsette gjennomført fleire ulike FoU-prosjekt innanfor kulturlandskapstemaet. Dei viktigaste har vore (kronologisk rekkjefylgje): 1.) "Kulturlandskap i Sogn og Fjordane - bruk og vern" (1987-1993), m.a. finansiert av Landbruks- og Miljøverndepartementet, 2.) "Endring i biologisk mangfold i tradisjonelle kulturmarkstyper på Vestlandet ved gjengroing, tilplanting og skjøtselstiltak" (1992-1995), finansiert av Norges forskningsråd (NFR), 3.) «Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system" (1995-2001), finansiert av NFR, 4.) "Lauvengen- et bærekraftig produksjonssystem?" (1995-2000), finansiert av NFR og andre, 5.) "Lauv som ressurs - ny bruk av gammel kunnskap" (1998-2001) finansiert m.a. av Statens landbruksforvaltning, 6.) "Vegkanten - en erstatningsbiotop" (2003-2006) strategisk høgskuleprogram finansiert av NFR. Det føreligg fleire rapporter og artiklar frå desse prosjekta.

Gjennom åra har seksjon for landskapsøkologi også hatt eit omfattande samarbeid med De Heibergske Samlinger - Sogn folkemuseum og andre museum, m.a. gjennom fleire FoU-prosjekt. Som døme kan nemnast utarbeiding av: ”Driftsplan for De Heibergske Samlingar - Sogn folkemuseum”, ”Etableringsforsøk for slåtteeeng på De Heibergske Samlingar - Sogn folkemuseum”, og ”Driftsplan for Tingvoll bygdemuseum”. Av nyare samarbeid kan nemnast dei pågåande prosjekta: ”Kystgeit-prosjektet” og ”Etableringsforsøk - Sunnfjord museum”.

I tillegg har fagmiljøet stått sentralt ved arrangement av fleire internasjonale, nordiske, nasjonale og regionale konferansar. I 1986 var seksjonen vertskap for to internasjonale konferansar: ”*The cultural landscape - past, present and future*” (samarbeid med Botanisk institutt, Universitetet i Bergen) og ein IAVS-ekskursjon (International Association of Vegetation Science) i samarbeid med Botanisk institutt ved Norges landbrukskøleskule. To nordiske konferansar har vore haldne i Sogndal, ”*Nordisk landskapsseminar*” (1996) og ”*Gjengroing av kulturmark*» (2001). Seksjonen har arrangert tre større nasjonale kulturlandskapskonferansar: ”*Kulturlandskap. Bruk og vern*” (1987), ”*Nasjonal forskerkonferanse om kulturlandskapet* (1992) og ”*Kulturlandskap i Sogn og Fjordane - bruk og vern* (1993)”, i tillegg til tre, større regionale konferansar, høvesvis ”*Det vestnorske kulturlandskapet*” (1999), ”*Kulturminner, kulturlandskap og kultur-turisme*” (2000), og ”*Vestlandsgården og småskala-landbruket*” (2002), siste i samarbeid med Osterøy museum. I tillegg kjem ein EU-workshop (2003) ”*Transhumance*”, og fleire meir lokale og mindre konferansar og seminar.

Fagmiljøet har stått for utarbeiding av fleire lærebøker i kulturlandskapsforvaltning. Viktigast er: ”*Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*” (Norderhaug, A., Austad, I., Hauge L. & Kvamme, M. 1999) og ”*Planlegging i kulturlandskapet - når bruk og vern skal forenes*” (Heiberg, E. 1999).

Fagmiljøet gjev ei 3-årig bachelor-utdanning i Landskapsforvaltning og fleire etter- og vidareutdanningskurs der kulturlandskapsfag står sentralt.

Fagmiljøet sine arbeidsoppgåver og kompetanse i dag:

- ✓ Vegetasjonsøkologisk, landskapsøkologisk og planfagleg kompetanse
- ✓ Kompetanse innan forskingsformidling.
- ✓ Tverrfagleg kompetanse innan agrarhistorie med spesialkompetanse i historisk geografi (utskiftingskart og GIS)
- ✓ Forskningsfagleg kompetanse på vestlandsgardens utvikling og dynamikk
- ✓ Kompetanse innan kulturlandskapskjøtsel, overvaking og evaluering
- ✓ Godt utvikla regionale, nasjonale, nordiske og internasjonale nettverk

1.6.2 De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum

De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum er også lokalisert i Sogndal kommune. Med ein av landets største samlingar av jordbruksreiskap har museet satsa mykje på å gjera bygningsmiljøet og samlingane levande gjennom utvikling av kulturlandskapet, bruk av tradisjonelle, stadeigne husdyrslag og demonstrasjon av tradisjonelle teknikkar og aktivitetar. Museet var først i landet med å bruka kulturlandskap aktivt i formidlinga. Museet har også gjennomført eit nasjonalt pionerprosjekt for integrering av naturhistorie i kulturhistoriske

museum, og har no det overordna ansvaret for naturhistorie for musea i Sogn og Fjordane (Byrkjeland 2002).

Museet sine arbeidsoppgåver og kompetanse i dag:

- ✓ Antikvarisk og historisk kompetanse
- ✓ Formidlingskompetanse, inkl. formidling til skular
- ✓ Tverrfagleg handverkarkompetanse på restaurering av bygningar, tekniske anlegg og kulturlandskap, inkl. egne areal og eigedomar
- ✓ Kompetanse på bruk av førindustrielle jordbruksreiskap
- ✓ Kompetanse på praktisk skjøtsel av kulturmark
- ✓ Kompetanse på gamle husdyrrasar
- ✓ Ansvarsmuseum for naturhistorie i Sogn og Fjordane - inkl. opplevingsløyper
- ✓ Biologisk kompetanse
- ✓ Kompetanse på planlegging
- ✓ Godt utvikla regionale og nasjonale nettverk

Samarbeidet som har utvikla seg mellom desse to fagmiljøa kan ha ein overføringsverdi til andre fagmiljø på høgskular og museum. I denne rapporten vil det bli vist mange døme på korleis musea og eit akademisk høgskulemiljø kan ha felles arbeidsområde og utvikla fruktbart samarbeid.

1.7. Signal frå styresmaktene

Styresmaktene har gitt overordna retningslinjer for arbeidet med kulturlandskap og for musea gjennom fleire stortingsmeldingar og offentlege utgreiingar.

Vern av kulturlandskapet gjennom aktiv og målretta bruk er eit nasjonalt satsingsområde Dette kjem tydeleg fram i St.meld. nr. 19 (1999-2000) *Om norsk landbruk og matproduksjon*. Her er kulturlandskap og kulturlandskapsverdiar omtala i mange samanhengar, m.a. i kap. 5.8.2 Miljøgoder:

”Norsk landbruk er i internasjonal målestokk et landbruk som fortsatt er preget av et stort mangfold av ulike landskapselementer og miljøgoder. Samfunnets behov og ønsker om miljøgoder av høy kvalitet må følges opp ved at virkemidlene stimulerer produksjonen av miljøgoder. Næringsutøverne og forvaltningen må ha tilstrekkelig kunnskap og gjøre bevisste valg for å ivareta miljøgodene knyttet til landbruksproduksjonen. Miljøgodene gir også grunnlag for næringsutvikling og verdiskaping i distriktene. Miljøgodene, og spesielt kulturlandskapet, er blant annet viktige i markedsføringen av Norge som reisemål”

Både dei sentrale og dei lokale styresmaktene gjev klare signal om at forvaltninga av kulturlandskap og kulturmiljø skal delegerast nedover i det offentlege systemet. Dette kjem fram i St. meld. nr. 31 (2000-2001) *Kommune, fylke, stat - en bedre oppgavefordeling*. Her heiter det m.a. :

”Regjeringen ønsker å desentralisere oppgaver og myndighet til kommunene innen miljøvern og landbruk. Det vil stimulere til lokal forankring, økt kunnskap, forståelse og aksept for miljøvern- og landbrukspolitiske oppgaver hos innbyggere, næringsliv og lokalpolitikere. På miljøsektoren vil det bli overført lokale oppgaver knyttet til forurensing (støy, forurensning, lukt), kulturminnevern, friluftsområder og naturområder.”

Dette signalet vert sendt av mange i den offentlege forvaltninga, både via statlege forvaltningsorgan som Direktoratet for naturforvaltning og fylkesmannen, og via fylkeskommunar og kommunar. Kulturlandskap er trekt fram som eit eige emne i

Miljøverndepartementet (MD) sitt skriv om «*Styrking av det kommunale miljøvernarbeidet - ansvars- og myndighetsfordeling mellom stat og kommune på miljøvernområdet*». I denne utgreiinga opnar MD for ei ny regional forvaltning av landskap, der sakshandsaming, rettleiing og informasjon på tvers av fag- og kompetansegrenser skal samordna natur-, kulturminne- og landbruksforvaltninga. Det står og at det er trong for å styrke regional og sentral kompetanse for å hjelpe kommunane i landskapsforvaltninga. Samarbeid mellom ulike forvaltningsnivå og fagmiljø vil her stå sentralt (Miljøverndepartementet 2001). Dette vil krevje styrking av kompetanse i kommunane, m.a. knytt til kulturlandskap.

NOU 2002:1 *Fortid former framtid* peikar i same retning. Viktige signal i denne offentlege utgreiinga er auka ansvar lokalt; samordning, nettverksbygging, og at eksisterande kompetansemiljø bør styrkast. Musea si framtidige rolle vert omtala på denne måten:

«Det er et stort og uutnyttet potensiale for et styrket samarbeid med museene, som utvalgets flertall mener bør tas i bruk i arbeidet med å ta vare på kulturminner og kulturmiljøer. Museenes rolle som formidler, kunnskapsbank og møteplass trekkes fram spesielt, og situasjonen for museenes kulturhistoriske bygninger omtales. I kapittel 11 foreslås også en del felles tiltak mellom museene og den offentlige kulturminneforvaltningen når det gjelder konservering- og håndverkertjenester, og overfor skolen»

I ”ABM- meldinga” (Stortingsmelding 22, 1999-2000) og ”Kulturmeldinga” (St. meld. nr. 48, 2002-2003) vert musea sine framtidige oppgåver nærare presisert. Her heiter det mellom anna at:

«Det skal utviklast tiltak, standardheving og auka aktivitet når det gjeld drifts- og vedlikehaldsoppgåver...Musea skal kunna spela ei utvida rolle innanfor økologi og miljøvern »

Prioritering av handlingsboren kunnskap vert og nemnt. Det vert lagt særleg stor vekt på den rolla musea kan spela som samfunnsinstitusjonar. Skal musea fungera som gode samfunnsinstitusjonar, må dei søkja dialog med omverda.

II . Registrering og dokumentasjon av kulturlandskapet

2.1 Registrering av kulturlandskap i Sogn og Fjordane

Prosjektet "Kulturlandskap i Sogn og Fjordane – bruk og vern" som starta opp i 1987 var eit nasjonalt pionerarbeid innan kulturlandskapsregistrering. Det var eit omfattande samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – Miljøvernavdelinga, Fylkeslandbrukskontoret, Sogn og Fjordane fylkeskommune- Planavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune – Kulturavdelinga og dåverande Sogn og Fjordane distriktshøgskule. Målsetjinga her var å synleggjera dei store verdiane som kulturlandskapet i fylket representerte. Prosjektet starta opp med ein nasjonal konferanse om kulturlandskapet.

Hovudprosjektet omfatta registrering og presentasjon av 15-20 verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i kvar av dei 26 kommunane i fylket, totalt over 400 område. Det er gitt ut 33 rapportar i samband med prosjektet. (Austad et al. 1993).

Både samarbeidsmodellen og det omfattande registreringsarbeidet for kulturmiljø og kulturmarker vart seinare teke opp og vidareført gjennom den nasjonale registreringa av kulturlandskap som vart utført i åra 1991 til 1994 (Direktoratet for naturforvaltning 1994). Samarbeidet i Sogn og Fjordane vart også modell for opprettinga av fylkesvise kulturlandskapsgrupper.

Kulturmiljøa i Sogn og Fjordane kan elles grovt delast inn i fire hovudeiningar; kyst-, fjord-, dal- og fjellkulturlandskapet (Austad og Hauge 1989).

2.2. Nasjonal registrering av kulturlandskap

Miljøverndepartementet sette hausten 1991 ned eit sentralt utval for ein nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. Kunnskapen om norske kulturlandskap var mangelfull og utvalsarbeidet hadde til føremål å utarbeide kriterium for utval av særleg verdifulle kulturlandskap. Dei mest verdifulle kulturlandskapsområda i kvart fylke skulle registrerast og ein skulle vurdere høvet mellom jordbruksdrift, natur- og kulturminneforvaltning og vurdere trong for eventuell sikring av juridiske verkemiddel.

104 kulturlandskapsområde vart utpeika til å ha verdiar i nasjonal samanheng, fordelt på 68 større samanhengjande område og 36 spesialområde (Direktoratet for naturforvaltning 1994). Utvalet er basert på dei 45 aktuelle landskapsregionane i Noreg (NIJOS 1993). Hovudkriteria for utvalet var hovudsakleg økologiske/biologiske og kulturhistoriske verdiar. Områda vart registrert og utvalt i høve til kontinuitet, representativitet, særpreg, mangfald, sjeldenheit, inngrep/påverknad og heilskap. I tillegg vart det nytta støttekriterium som verdi for friluftslivet, tilkomst, storleik, tilstand, forskingsverksemd, pedagogisk verdi, estetisk verdi og symbol og identitetsverdi.

For Sogn og Fjordane vart det utpeika 6 nasjonalt verdifulle område mellom dei 112 prioriterte kulturlandskapsområda i landet. Desse skulle dekkje opp dei ulike hovudlandskapsregionane som fylket representerte. Desse var: 1) Hoddevik og Fure, Selje kommune og 2) Utvær, Solund kommune som representerte hovudlandskapsregionen "Kystbygder på vestlandet, 3) Hjellesetra, Nordfjordeid kommune, som ligg i regionen "Midtre bygder på Vestlandet" og 4) Grindsdalen med seterområde, Leikanger kommune, 5) Midtre Lærdal, Lærdal kommune og 6) Nærøyfjorden, Aurland kommune som alle ligg i regionen "Indre bygder på Vestlandet".

2.3. Revisjon av kulturlandskapsregistreringar

Dei tverrfaglege og tverrsektorielle kulturlandskapsgruppene i fylka utarbeider strategiske planar. Planen for Sogn og Fjordane i perioden 2003 til 2006 har som overordna mål å halde vedlike og utvikle mangfaldet i kulturlandskap med viktige kulturhistoriske-, biologiske- og opplevingsverdiar. Dei viktigaste strategiane er å opparbeide større kunnskap om kulturlandskap, og sikre god og heilskapleg forvaltning av kulturlandskap som kan medverke til å halde oppe levande bygder (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2002).

Dei fylkesvise registreringane i Sogn og Fjordane er no meir enn 15 år gamle. Med dei raske endringane som skjer innan landbruket er det nødvendig både å ajourføre og supplere desse registreringane, noko som også er påeika i strategiplanen til kulturlandskapsgruppa. På dette viset kan ein både få ei utvida og oppdatert oversikt over kulturlandskap og kulturmiljø, samstundes med at ein kan få mål på tilstand og endringar. Registreringsmaterialet dannar grunnlaget for ei oppgradert klassifisering og kategorisering av kulturlandskapet. Sogn og Fjordane bør vere eit prøvefylke for slik justering og evaluering av kulturlandskapsverdiene.

Oversiktene Fylkesmannen v/ landbruksavdelinga har utarbeidd i samband med tilskotsordningar (STILK og områdetiltak) er og eit viktig tilfang for oppdatert kunnskap om kulturlandskap. Her inngår både aktuelle kulturlandskapsområde i tillegg til oversikter over interesserte grunneigarar. I tillegg bør det utarbeidast ei oversikt over område som inneheld kulturminne og kulturmiljø. Dette må spesielt gjerast i samarbeid med Fylkeskommunen/kulturavdelinga som er aktuell forvaltningsmyndigheit.

I dette revisjonsarbeidet er det naudsynleg å leggje til rette for bruk av GIS slik at alle kategoriar og arealbruk for framtida kan vere lett tilgjengeleg på databasar. Arbeidet vil vere viktig når dei einskilde kommunane skal utarbeide strategiplanar for miljøtiltak.

2.4. Visuell dokumentasjon av kulturmiljø og kulturlandskap

Omgrepet dokumentasjon kan ha ulike tolkingar, både i samband med registrering, forskingsfagleg arbeid og konkrete nedteikningar og avbilingar. Mange teknikkar og metodar kan brukast i dokumentasjon, alt etter kva som er målsetjinga. I denne samanhengen vil både fotografiske avbilingar og forskingsfaglege registreringar vera aktuelle metodar for dokumentasjon av kulturlandskap saman med arbeidsteknikkar og økologiske prosessar.

Med eit framleis variert og rikhaldig kulturlandskap er det viktig å gjennomføre ein systematisk dokumentasjon av eksisterande verdiar og kvalitetar (figur 2). Dette for å fange opp biologiske kulturminne og andre viktige element som er i ferd med å endre karakter eller forsvinne. Det er ynskjeleg å dokumentere både struktur, element og prosessar herifrå så autentisk som mogeleg.

Tradisjonelle gardsmiljø i drift har ofte eit samansett kulturlandskap som inkluderer både eldre og meir tidstypiske element, arealbruk og drift. Samtidsdokumentasjon i slike miljø er viktig. Dagens jordbruk er stadig i endring, og mange jordbrukslandskap som i dag er vanlege, kan snøgt bli historiske og sjeldne.

Det må utarbeidast prioriteringsplanar for dokumentasjon av kulturlandskapskvalitetar. Dette kan gjerast både med eit regionalt, og eventuelt nasjonalt fokus. Ut frå eit mål for



Figur 2. Det må utarbeidast framdriftsplanar for dokumentasjon av kulturlandskapskvalitetar. Ut frå eit mål for dokumentasjon bør det setjast opp ei prioriteringsliste over objekt/handlingar med ein tidshorisont for gjennomføring. Foto: Leif Hauge.

dokumentasjon, bør det setjast opp ei prioriteringsliste over objekt/handlingar og ein tidshorisont. Eit dokumentasjonsprosjekt må setjast i gang snøggast råd.

Dokumentasjonsprosjektet må standardiserast med tilråding om kva kvalitetsnivå, utstyr, opptaksformer, format og presentasjonsutstyr som skal nyttast (film, video, stillbilete, dias, mellomformat, digitale opptak, power-point osv). Materiale herifrå kan integrerast i ulike formidlingstiltak og må ha ein kvalitet og standard som eignar seg for fleirbruk og vere så framtidretta som mogeleg.

Levande tradisjonar eignar seg sjølvst best for dokumentasjon. Det er også viktig å få informantar til å ta opp att gamle arbeidsprosessar som har gått ut av vanleg bruk, men som dei framleis kan meistre. Som døme kan nemnast kunnskap knytt til slått og fôrberging med variantar for ulike ljåtypar og andre slåttereiskap, ulike turkerutinar for gras med hesjar, såter og flatturke. Frakting av høy i ryggbører, bruk av børatog, nett, løypestreng, lagring i løe, under utmarkshellerar og i høystakk. Andre tema kan vere ulik bruk av lauv, åkerbruk, husdyrbeite, emnesank osv. Med mange aldrande informantar er det viktig å setje opp konkrete framdriftsplanar for å sikre overføring av kompetansen deira.

Det er viktig at slik rekonstruksjon går føre seg i så kulturhistorisk korrekte omgjevnader som mogeleg for å skape ei autentisk, og truverdig råde rundt aktivitetane. Naturlege samarbeidspartnarar for å finne fram til aktuelle område og ressurspersonar kan vere museum saman med andre kompetansmiljø.

Dokumentasjon kan også gjerast med bruk av objektsamlingane til musea. Tradisjonelle jordbruksreiskap i musea kan visast i naturlege arbeidsprosessar. Dette kan også auka forståinga og kunnskapsformidlinga av tradisjonelle museumsutstillingar.

Norsk handverksutvikling ved De Sandvigske Samlinger, Maihaugen har lang erfaring med tilsvarende dokumentasjonsprosessar. Norsk handverksutvikling har utvikla metodar for registrering og etablert eit omfattande register over personar som meistrar eit handverk eller teknikk. Registeret har og har eit omfattande arkiv i form av foto, videofilmar og skrivne omtalar av arbeidsteknikkar innafor ei lang rekkje fag og arbeidsfelt. Dei har avgrensa informasjon om tradisjonelle arbeidsteknikkar knytte til jordbrukslandskapet. Mykje kunnskap omkring arbeidsprosessar i jordbruket finst i andre arkiv og på andre museum, kanskje spesielt på Norsk Landbruksmuseum.

III. Formidling

3.1. Formidling av kulturlandskapverdiar

Universiteta har sine universitetsmuseum som et viktig bindeledd mellom forskingsaktivitet og samfunn, men høgskulane manglar denne formidlingskanalen. I denne rapporten vil me gje nokre døme på korleis musea kan vere formidlingsarena for høgskulen sin fagkompetanse.

I søknaden for dette prosjektet er arbeidet med museal formidling formulert slik:

”Utvikle eit system for museal formidling av regionale kulturlandskapskvalitetar i, her spesielt i tilknytning til Sogn Folkemuseum.”


Formidling inneber meir enn berre å informere. I stortingsmelding nr. 22 (1999-2000) ”Kjelder til kunnskap og oppleving” (ABM-meldinga) heiter det at

”Samfunnsnyttan for eit museum ligg ikkje berre i å formidla kunnskap. Det ligg særleg i evna til å skapa nyfikne og forståing, evna til å stimulera undringa, til å stilla spørsmål, til å overraska og utfordra einskildmenneske emosjonelt og intellektuelt”.

I dei fylgjande kapitla har vi skildra ulike formidlingsformer med utgangspunkt i konkrete døme frå De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

3.2. Formidling gjennom tre nivå

Me tenkjer oss tre hovudmåtar å formidle om kulturlandskapet på; ved å vise kulturlandskap og tradisjonelle driftsmåtar på friluftsmusea, ved å lage utstillingar om kulturlandskap på musea og ved å arrangere visningsturar til kulturlandskap i distrikta rundt musea. Figur 3 viser ei skisse over korleis kulturlandskapet kan formidlast gjennom desse 3 nivåa;



Figur 3. Musea kan vere ein formidlingssentral for kulturlandskapet gjennom informasjon gjennom tre nivå:

- 1) Ivaretaking og etablering av kulturlandskap og artsmangfald på friluftsmuseet, og formidle dette gjennom aktiv landbruksdrift.
- 2) Informasjon gjennom film og foto eller andre audiovisuelle teknikkar frå landskapa i ei utstilling på museet.
- 3) Vere sentral for visningsturar til autentiske landskap i distriktet, noko som krev eit godt samarbeid med grunneigarar.

3.3. Utstilling

Utstillingar er kjernen i musea sin formidlingsform. Formidling av kulturlandskapet i eit kulturhistorisk museum er tenkt prøvd ut på De Heiberske Samlinger - Sogn Folkemuseum, der tema om kulturlandskap vil bli integrert i museet si jordbruksutstilling (figur 4). Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt fagmiljø på kulturlandskap er tekne med i planlegginga av utstillinga frå starten av. Den nye utstillinga vil få eit eige fokus på kulturlandskap.

Det meste av kulturlandskapet som me ynskjer å formidle om, ligg fysisk skilt frå museet. Den mest opplagte måten å formidle dette på i ei utstilling, er gjennom bilete og video/film. Moderne audiovisuelle teknikkar er og aktuelle å bruke, til dømes utplasserte kamera som viser levande bilete av aktuelle arbeidsprosessar til bestemte tider. Det er viktig å ha gjennomarbeidde opptak som kan formidlast i framtida med stadig oppgradert teknologi.

3.3.1. Virtuell "kulturlandskapsentral"

Med dagens teknologi og formidlingsformer er det viktig også å leggje til rette stoff for nettpresentasjon. Dette er viktig for å nå større målgrupper, og ikkje minst for å skape interesse hjå nye generasjonar som både krev og lettare tilpassar seg til nye formidlingsformer. Ein virtuell presentasjon kan utvilsamt vere eit viktig supplement til dei faste museumssamlingane. Fylket har fleire kompetansemiljø på nettbasert og interaktiv presentasjon, m.a. innan Fylkeskommunen og Vestlandsforskning gjennom prosjekt som t.d. Fjellatlas, Geo-share og Fjordarv.

Mykje av stoffet kan også leggjast til rette for dei faste museumsutstillingane og inngå som ei fornying av desse. Medviten bruk av teknologi gjennom interaktive datapresentasjonar og PC-basert presentasjon kan vere viktige måtar å fornye tradisjonelle museumsutstillingar på.

Utvikling av nettsider knytte til tunge databasar blir stadig vanlegare og lettare å vedlikehalde. Målet må vere å få til eit funksjonelt nettilbod med fleirbrukspotensiale.

Viktig er også å utarbeide trykt presentasjonsmateriell. Tema-ark, temahefte og guidebøker er viktige for å utdjupe museumsopplevinga, spesielt for vitjande som vel individuelle besøksopplegg. I tillegg til å vere utdjupande og forklarande, er slike enklare hefte ei viktig oppsummering av museumsbesøket og aktuelle reiseminne. Ein skjøtselskalender med tidfesta oversikt over arbeidsprosessane kan gje publikum informasjon om kva som føregår på garden og kva prosessar dei kan sjå til ulike tider. Den gamle primstaven kan brukast til å knyte naturhistorie og kulturhistorie saman, Geografiske og klimatiske skilnadar på til dømes kystgard og fjellgard kan synleggjerast. Mykje fagstoff kan også presenterast på moderne lagringsmedia, spesielt DVD.



Figur 4. Attskaping av kulturlandskap og artsmangfald på konkrete friluftsmuseum er ynskjeleg. Viktig er også å gje informasjon om arbeidsteknikkar og rutinar gjennom aktiv landbruksdrift. Foto: Leif Hauge.

3.4. Visningsturar

Kulturlandskapa er mangfaldige, og det er mogeleg å vise fram alt frå verneverdige kulturmarkstypar til heilskaplege kulturlandskap. Det bør opprettast eit nettverk av representative kulturlandskap og kulturmiljø i regionen som både har kvalitetar som kulturlandskap, og som praktisk kan leggjast til rette for visningsturar. Her vil fleire tilhøve vere viktig:

- ✓ avstand til museet
- ✓ tilkomst
- ✓ ordna økonomiske og formelle tilhøve
- ✓ vedlikehald gjennom tradisjonell skjøtsel

Museet bør etablere samarbeid med gardbrukarar/forvaltarar, og gjerne kommunar, med spesielle kulturlandskap og kulturmiljø og gjere avtalar om visningsturar, ulike aktivitetar og formidlingskontakt. Nokre av kulturlandskapa som vert brukt til visningsturar vil inngå i museumsforvaltninga (sjå kap. IV), men det treng ikkje vera automatikk i at museet får forvaltaransvar for kulturlandskap som vert brukt til visningsturar. Dei eksterne områda må presenterast på sjølve museet og aller helst ha ordna og langsiktige avtalar for besøk og skjøtsel.

Mange museum eig og eigedomar der bygningane framleis ligg på sin opphavlege plass. De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum eig til dømes småbruket *Kyrkjeteigen* i Eidet som ligg nokre kilometer frå hovudmuseet. Her er det mogeleg å kombinere visning av autentisk landskap med demonstrasjonar av gamle reiskap og driftsteknikkar utan vidare

formelle avtalar. Museet sine egne tilsette kan på ein enkel måte lage visningsturar til turistane til slike område (Pettersson 2003).

3.5 Formidling av kunnskap

3.5.1. Fagleg forum for kulturlandskapsforvaltning

Høgskulen i Sogn og Fjordane har erfaring med fleire nordiske, nasjonale og regionale kulturlandskapskonferansar (Ådland, Austad & Indrelid 2000, Austad og Ådland 2002, Austad, Hamre & Ådland 2003). Dette arbeidet må halde fram. I tillegg føreslår me å etablere eit fagleg forum der ansvaret bør leggjast under Kulturlandskapsgruppa i fylket og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Me håpar Sogn og Fjordane kan vere eit prøvefylke for ein slik modell. Ei samling vart arrangert i 2003 med positiv oppslutnad.

3.5.2. Skuleklassar og aktivitetsdagar

Eit museum med bygningar, kulturlandskap og dyr gir eit godt utgangspunkt for aktivitetsretta læring. Publikum og skuleklassar får lære gjennom å gjere og oppleve. På De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum er museumsgarden sentral i formidlinga. Gamle husdyrrasar beitar og steller kulturlandskapet. Det blir lauva og slått på gamlemåten. Publikum og skuleelevar får prøve gamle reiskap og driftsmåtar, slik som lauving, ljåslått, binde kornband, bruk av hest, bere vatn og høybør, å hesje m.m.

Museet brukar også ei aktivitetsløype til å formidle om kulturlandskapet.

Kulturlandskapsløypa er ei sjølvinstruerande løype med 14 postar der publikum vert leia gjennom kulturlandskapet. Dei får sjå og lese om dyra, og om korleis landskapet er blitt forma. Det er også lagt inn nokre aktivitetar og det er laga små utstillingar ute i naturen.

Formidling utandørs kan vere ei stor utfordring fordi det er mykje som kan forstyrre, men De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum har erfart at formidling ute også har store fordelar. Sanseintrykk som lukt, lyd og smak fylgjer ”gratis” med. Publikum blir ikkje så fort ramma av ”museumstretthet”. Museumsbesøket ute byr på fleire sanseintrykk, oppleving av dyr og rørsle i variert terreng.

3.5.3. Forskingsfagleg formidling

I samarbeidet mellom Høgskulen og musea i Sogn og Fjordane har forskingsformidling vore eit sentralt tema. Høgskulen og musea har etablert eit samarbeid om forskingsdagane som er eit årvisst, landsomfattande formidlings”festival” der forskingsaktørar presenterer FoU-aktivitetar for ålmenta. I Sogn og Fjordane brukar forskarane musea sin formidlingskompetanse til å finne tema og popularisere desse på spennande måtar. Musea kan og vere gode arenaer for slike arrangement. Arrangementa kan også brukast til marknadsføring av høgskulen i samband med rekruttering av studentar. På De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum har forskning vorte presentert gjennom føredrag, demonstrasjonar og opplevingar. Publikum har fått sjå og prøve forskingsmetodar, samtidig som dette har vorte kopla til historisk bruk av kulturlandskapet.

3.5.4. Kurs og undervisningstilbod

HSF har eit profilert kulturlandskapsmiljø og har utvikla fleire kurstilbod innan fagfeltet. Det inngår eit eige kurs i kulturlandskapskjøtsel i bachelortilbodet i Landskapsplanlegging. I tillegg vert skjøtselskunnskap tilbydd som eige etter- og vidareutdanningskurs saman med kulturminneforvaltning og vegetasjonsøkologi. Det vert også gitt mindre spesialkurs, m.a. i samband med utvikling av miljøplanar for landbruket. Saman med Bergen Museum blir det gjennomført eit kurs i ”Kulturminnekunnskap og kulturmiljøforvaltning”. I tillegg blir kulturlandskapsfagleg teori gitt som del av kurs i naturbasert reiseliv og også som del av det nye reiselivsstudiet ved HSF. Det blir også arbeidd med tilbod til utanlandske studentar i kulturmiljøkunnskap, som m.a. inkluderer både undervisning og praksis på eit museum.

Med denne plattformen er det mogeleg å tilby spesialutvikla kurs for ulike målgrupper. Det kan vere aktuelt å utvikla kortare og meir praktisk retta skjøtselskurs enn dei eksisterande høgskuletilboda. Her er det også mogleg med samarbeid og arbeidsdeling med andre aktørar innan undervisning, næringsliv og med Kulturlandskapsgruppa.

IV. Museumsforvaltning av verdifulle kulturlandskap

4.1. Kva er museumsforvaltning?

Museumsforvaltning av verdifulle kulturlandskap vil innebera at musea får eit større ansvar for å ta vare på eit utval av kulturlandskap. Museumsforvaltning er noko anna enn forvaltning av lovverk, og må ikkje forvekslast med oppgåvene som den offentlege forvaltninga har ansvar for. mgrepet museumsforvaltning vert i denne samanheng nytta om å ta vare på og forvalta bestemte kulturlandskap og kulturmarkstypar som er representative for ein bestemt tidsperiode. Det inneber oppgåver som å ta over ansvar for viktige kulturlandskap for å hindre at det forfell. Det inneber praktisk arbeid som å stelle trea, slå enga og vedlikehalde gjerda, og det handlar og om å organisere arbeidet med å ta vare på eit utval av dei mest verdifulle kulturlandskapa våre.

Det vil vere ulike måtar å organisera ei museal forvaltning av kulturlandskap på, avhengig av kven som er grunneigar. I dei fylgjande avsnitta vil me gå gjennom korleis musea kan drive kulturlandskapet på sine egne friluftsmuseum og andre eigedomar som musea eig, og på eit utval av autentiske kulturlandskap i distrikta.

4.2. Skjøtsel og drift av kulturlandskapet på musea sine eigedomar

4.2.1. Kulturlandskap på friluftsmusea

Mange museum har samlingar av bygningar på eit friluftsmuseum med store grøntareal. Tidlegare har desse grøntareala vore parkområde og skog, men fleire museum har i den seinare tid starta å bruke dei grønne areala i den historiske formidlinga.

Utgangspunktet til friluftsmusea slik dei ligg i dag har vore ulike. Nokre museum er etablert i eit skogsområde, slik som til dømes De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum, nokre museum ligg framleis i eit etablert parkområde, medan nokre museum ligg i eit ekte kulturlandskap slik mange bygdetun gjer (Aaraas & Austad 1989).

Det er gjort forsøk med å etablere urterike slåtteeenger på De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i 1987 og på Sunnfjord Museum i 2003 (Austad & Aaraas 1990). Musea integrerar på denne måten naturhistoria, og tek også vare på viktig genmateriale gjennom *in situ* bevaring av sårbare engartar. Fleire friluftsmuseum tek vare på gamle kulturvekstar slik som epletre, prydvekstar og urter.

Nyetablerte kulturlandskap manglar likevel mykje, fordi dei ikkje har historia eller kontinuiteten som har gjort at mange sårbare halv-naturlege vegetasjonstypar har utvikla seg og overlevd i lang tid. Det trengs svært lang tid, ofte fleire hundre år å etablere desse plantesamfunna. Nyetablerte kulturmarker manglar og spora i landskapet frå mange generasjonar sitt arbeid med å nytte naturressursane.

4.2.2 Autentiske kulturlandskap på musea

Mange museum eig også autentiske kulturlandskap på eigedomar som musea har overteke der dei ligg (økomuseumprinsippet). Bygningar og kulturmarkene ligg på sin opphavlege stad. Til dømes eig Kystmuseet i Florø 9 anlegg i 6 ulike kommunar, som ikkje skal flyttast frå sin opphavlege stad. Havråtunet på Osterøy har intakt kulturlandskap som har fleire tusen år gamle kulturspor. Mange bygdetun slik som til dømes Otternes i Aurland er etablert der dei alltid har lege, med eit autentisk kulturlandskap rundt husa.



Figur 5. Musea kan få ansvar for å forvalte sentrale kulturlandskap og kulturmiljø i eit regionalt- og nasjonalt museumsnettverk. Kulturlandskapa som skal inngå i museumsnettverk bør veljast ut etter ein prosess der både fagmiljø, forvaltning og grunneigarar eller grunneigarorganisasjonar deltek. Foto: Leif Hauge.

Desse gamle eigedomane utgjer ei verdifull samling av kulturlandskap med kvar si historie. Musea som forvaltar desse eigedomane i dag bør stelle desse eigedomane slik at kulturlandskapet med sine biologiske kulturminne vert teke vare på i lag med bygningar og andre kulturspor. Dette er ei viktig oppgåve for musea. Kanskje det er tid for at musea også får eit utvida ansvar for å stelle eit utval av dei mest verdifulle kulturlandskapa, ikkje berre på musea sine eigne område, men også for eit utval av verdifulle kulturlandskap i regionen? (figur 5).

4.3. Musealt vern av verdifulle kulturlandskap

Det meste av kulturlandskapa finst sjølvst sagt ikkje på musea, men i distrikta rundt. Mange av desse landskapa må bergast av nokon før dei forsvinn. Kven skal gjere dette? Kan musea ta vare på eit utval av dei viktigaste kulturlandskapa, på same måte som dei har teke vare på eit utval av bygningar og gjenstandar? Korleis kan dette organiserast i praksis?


Dei kulturhistoriske musea har allereie fått eit utvida ansvar for å integrere naturhistoria inn i musea. Kulturlandskapet er ein sjølvst sagt del av den naturhistoria som det er naturleg for musea å gripe fatt i. Dei mest verdifulle landskapa, dei som er forma av ei allsidig og spesialisert utnytting av naturressursane gjennom fleire tusen år, ligg i dag spreidde i heile landet. Eit utval av desse burde vorte tekne hand om av musea for å ta vare på viktige biologiske og kulturhistoriske verdiar, og for å sikre viktige referanseområde for ettertida. Det er trong for antikvarisk skjøtsel for delar av landskapet, og nokon må ta ansvaret for å ta vare på kunnskapen om driftsteknikkar og reiskapsbruk.

Ein nærliggjande modell er å gje regionmusea ansvar for eit utval av kulturlandskap i sin region (sjå figur 6). Kwart regionmuseum kan få ansvar for eit avgrensa tal kulturlandskap/kulturmiljø som er representative for regionen og som kan inngå både i eit regionalt og nasjonalt museumsnettverk. Dette nettverket bør koordinerast av eitt ansvarsmuseum. ABM-utvikling sitt museumsnettverk kan vere ein arena til å diskutere ein slik modell. Regionmusea treng auka fagkunnskap og ressursar for at dette skal fungere.

Kulturlandskapa som skal inngå i museumsnettverk bør veljast ut etter ein prosess der både fagmiljø, forvaltning og grunneigarar eller grunneigarorganisasjonar (bondelag, bonde- og småbrukarlag) deltek. Det vil vere mange typar eigarforhold som vil krevje ulike samarbeidsmodellar. Sidan tildeling av tilskot til kulturlandskap/kulturmiljø frå årsskiftet 2003/04 blir tillagt kommunane vil også desse spele ei viktig rolle for å oppretthalde spesielle kulturlandskap/kulturmiljø. Museal drift vil berre vere aktuelt for eit lite utval av verdifulle kulturlandskap. Dei fleste områda vil måtta bli stelt av gardbrukarar og grunneigarar slik som i dag.

Dersom musea får omfattande oppgåver med å ta vare på slike verdifulle kulturlandskap i regionen, kan me tenkje oss at musea må samarbeide med andre aktørar i den praktiske gjennomføringa av arbeidet. Arbeidet vil krevje faglege planar for gjennomføringa som kan lagast i samarbeid med fagmiljø og kommunar. Praktisk arbeid kan skje i samarbeid mellom museumsfagfolk og kommunane sine fagfolk og uteseksjonar. Nokre område kan og bli stelte i samarbeid med skular og lag/organisasjonar, slik som det vert gjort mange stader i dag.

Ein kjem ikkje vekk i frå at dette vil vere ein ressurskrevjande jobb for musea, og det vil ikkje vere mogeleg å gjere dette utan økonomiske tilskot. I dag ligg ansvaret for kulturlandskapet i hovudsak hjå landbrukstyresmaktene, og noko hjå miljøvernstyresmaktene. Ansvaret for musea ligg i eit tredje departement, Kulturdepartementet. Museumsforvaltning av kulturlandskap vil krevje eit samarbeid på tvers av fleire departement, og vil vere ei god øving på tverretatleg samarbeid.



Figur 6. Ein tenkt modell for museal forvaltning av kulturlandskap i Sogn og Fjordane med dei fire regionmusea; (KM=Kystmuseet, NFM= Nordfjord Folkemuseum, SF=Sunnfjord Museum, DHS/SF = De Heibergske Samlinger/Sogn Folkemuseum, HSF=Høgskulen i Sogn og Fjordane). De Heibergske Samlinger/Sogn Folkemuseum i samarbeid med HSF er kjernen i ein regionalt nettverk for museumsforvaltning av verdifulle kulturlandskap (fylt sirkel ●). Kwart museum har ansvar for nokre karakteristiske, regionale kulturlandskap/kulturmiljø.

4. 4. Ulike skjøtselsnivå

Me kan tenkje oss ulike nivå på vedlikehaldet av kulturlandskap, avhengig av ressursar og kor verdifullt og verneverdig landskapet er. Det er ikkje mogeleg å vedlikehalde alt landskap, og det kan vere ei praktisk tilnærming å dele kulturlandskapa inn i fleire verdi- og skjøtselsnivå.

Nokre kulturlandskap bør stellast på ein historisk korrekt måte. Dette kan me kalle *historisk korrekt skjøtsel*, *antikvarisk skjøtsel* eller *musealt vern*. Her må det brukast historisk korrekte reiskapar, driftsformer og husdyrrasar for å ta vare på kulturlandskapet. Den historiske formidlinga vil vere i sentrum, og vil til dømes gjelde for område som har høg biologisk og kulturhistorisk bevaringsverdi, som er eit viktig referanseområde og som har høg formidlingsverdi.

Ei mindre streng skjøtselsform kan vere *tilpassa kulturhistorisk skjøtsel* der ein og brukar nye hjelpemiddel, reiskapar og husdyrhald som gjev tilnærma same resultat som dei tradisjonelle. Denne forma må truleg brukast på ein del friluftsmuseum og museumseigedomar, og vil vere aktuell for restaurering og vedlikehald av kulturlandskap i regi av lag og organisasjonar.

I enkelte område der den historiske formidlinga er mindre viktig og ivaretaking av det biologiske mangfald er hovudmålet, kan *verdibevarande skjøtsel* vere ein måte å ta vare på

kulturlandskapet på. Her sikrar ein dei økologiske prosessane, men brukar moderne reiskap og teknikkar.

Den minst intensive måten å stelle kulturlandskapet på kan vere *landskapsbevarande skjøtsel* der landskapsbiletet og rekreasjonsføremål vert sett i fokus, og dei historiske og biologiske verdiane i kulturlandskapet vert teke mindre omsyn til. Her vil skogen bli rydda, engene slått og utmarka beita ved bruk av moderne metodar.

4. 5. Aktuelle ansvarsområde for museumsforvaltning

Det finst mange type eigarar av kulturlandskapsområde. Dei fleste av dei verdifulle kulturlandskapa er i privat eige, men verdifulle kulturlandskap finst og som kommunale friområde, som statlege verneområde og som museumsområde.

Ansvar for å ta vare på kulturlandskapet er uklart. Jordlova § 8 om vern av dyrka jord, er einaste juridiske verkemiddel som pålegg stell av område. Dette gjeld private landbrukseigedomar i drift, som vert pålagde å halde i hevd dyrka jord som kan gi grunnlag for lønsam drift. Mange av dei verdifulle kulturlandskapa kan ikkje reknast som dyrka jord, og ein står dermed utan juridiske verkemiddel til å påleggje stell av områda. Vedlikehald av dei fleste verdifulle kulturlandskap må oftast basere seg på frivillige avtalar.

I statlege verneområde og kommunale eigde område er det som regel lite vedlikehald av kulturlandskapet på grunn av pengemangel. I nokre høve vert det utført skjøtsel i offentleg regi, til dømes i Sølendet naturreservat, men som oftast har uteseksjonen i kommunane og Statens naturoppsyn verken folk eller midlar til å vedlikehalde desse områda. Dermed kan kulturlandskap som er freda etter Naturvernlova eller Kulturminnelova, og regulerte område etter Plan- og Bygningslova, stå i fare for å gro att i mangel på skjøtsel. Grunneigarane for regulerte- og verna område får innskrenka råderett. Vernet i seg sjølv gjev ikkje betaling for å stelle områda. I nokre høve utfører grunneigar/brukar skjøtsel med tilskot frå staten etter avtale med vernestyresmaktene, til dømes i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Regulering av friområde og friluftsområde kan dermed skape falske forventningar når områda etterkvart gror att og blir ubrukelege. Verdifulle kulturlandskap bør ikkje vernast etter naturvernlova utan at driftsmidlar og ansvar for stell av landskapet følgjer med. Det trengst ei opprydding og ansvars- og arbeidsfordeling for ivaretaking av verdifulle kulturlandskap på kommunalt regulerte områder og i statlege verneområde.

Nokre av desse områda kunne vore aktuelle for museal drift.

Figur 7 viser skjematisk kor mykje av dei mest verdifulle kulturlandskapa som me tenkjer oss kan stellast av musea. Me tenkjer oss at alle typar av skjøtelsnivå kan nyttast på dei ulike typane av område.

4.5.1. Museumsområda

Det bør vere eit mål å stelle 100% av museumsområda som kan kallast kulturlandskap, medrekna friluftsmusea og dei eksterne museumsområda. Det vil vere aktuelt å bruke alle fire skjøtelsnivåa. På dei områda som ikkje let seg gjere å skjømte gjennom musealt vern, brukar musea dei andre skjøtelsnivåa, alt etter verneverdi og ressursar (figur 7a).

V. Museumsnettverk og kompetansesenter for kulturlandskap

5.1. Bakgrunn

Eitt av måla ved prosjektet "Kulturlandskap og museum" har vore å "utvikle idear om eit kompetansesenter for kulturlandskap" (Prosjektsøknad, datert 30.11.01). Det finst kompetansemiljø på kulturlandskap og kulturlandskapsforvaltning mange stader i landet, på universitet og høgskular, innanfor landbruket og i ein del museum. Det er likevel slik at denne kompetansen er fragmentert, ofte lite synleg og ikkje alltid like lett tilgjengeleg for aktuelle brukarar.

Det er mykje som tyder på at det er behov for å etablera eit nasjonalt kompetansesenter kulturlandskap. Prosjektet "Kulturlandskap og museum" arbeidde ei tid med å utvikle eit slikt nasjonalt kompetansesenter. Sentrale politikarar støtta og desse tankane, og etableringa av eit nasjonalt kompetansesenter vart tilrådd i Kulturlandskapsgruppa i fylket sin Strategisk plan. Ideen om etablera eit kompetansesenter for kulturlandskap i Sogn og Fjordane er også forankra i fylkesplanen i vertsfylket, både i Fylkesplanen for landbruk og fylkesplanens programområde "Kulturminne, areal og naturressursforvaltning", og i kommuneplanen for Sogndal, kommunen der senteret er føreslått etablert.

Høgskulen i Sogn og Fjordane sette sommaren 2002 ei eiga arbeidsgruppe for dette, som besto av prosjektets styringsgruppe, supplert med direktør for kultur Lidvin M. Osland, Sogn og Fjordane fylkeskommune og direktør Olav Aaraas, Norsk Folkemuseum. Det var denne arbeidsgruppa si vurdering at det burde etablerast eit nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap i Sogndal, i hovudsak finansiert av landbruksstyresmaktene, i alle fall i ein oppstartsfase. Arbeidsgruppa utarbeidde ein eigen delrapport: "Nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap i Sogndal, Sogn og Fjordane" (Hauge et al. 2002)

Prosjektet sin delrapport om kompetansesenter argumenterte for behovet for eit slikt senter, streka opp aktuelle arbeidsoppgåver og presenterte modell for og finansieringsplan for etablering. Han vart presentert for Landbruksdepartementet 1. november 2002.

Tilbakemeldinga frå departementet gav uttrykk for at tida var ikkje moden for å satse på eit nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap (brev 19. mars 2003)

I brev av 18.08.03 frå Miljøverndepartementet om fylkesplanen for landbruk, fekk fylkeskommunen i Sogn og Fjordane om lag same tilbakemelding på framlegget om etablering av eit kompetansesenter for kulturlandskap, som prosjektet fekk frå Landbruksdepartementet. Miljøverndepartementet seier likevel at dei er open for at fylket vurderer moglegheita for å utvikle eit regionalt kompetansemiljø med utgangspunkt i eksisterande regionale fag- og forskingsmiljø.

Vi meiner det er eit stort behov for eit nasjonalt kompetansesenter på grunn av dei mange utfordringane som landbruket vil stå over i tida som kjem, og ikkje minst for å fordele og koordinere arbeidsoppgåver mellom dei ulike fagmiljøa. Etter tilbakemeldinga frå Landbruksdepartementet, har ein likevel vurdert det som lite aktuelt å halde fram arbeidet med å greia ut modellar for eit nasjonalt kompetansesenter, slik det opphavleg var tenkt.

I staden har vi sett fokus på å forsterke samarbeidet mellom lokale og fylkeskommunale aktørar. Det har vore arbeidd med å planlegga eit nasjonalt museumsnettverk, med kulturlandskap som tema, under felles leiing av De Heibergske Samlinger - Sogn

Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane, og eit regionalt nettverk av ulike aktørar med interesser i og for kulturlandskap.

I det følgjande skal vi gjera greie for kva vi har gjort i forhold til dette, og korleis vi tenkjer oss desse to funksjonane kan samordnast.

5.2. Eit nasjonalt museumenettverk

På bakgrunn av det arbeidet museet har gjort på dette feltet, tok ABM-utvikling kontakt med De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum i brev av 11.04.03, der dei bad om eit møte for å bli informert om museets arbeid med kulturlandskap og for å vurdere om museet saman med fagmiljøet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane kunne vera aktuelle til å leia eit nasjonalt museumsnettverk knytt til kulturlandskap. Møtet vart halde 19.05.03, og munna ut i ein invitasjon frå ABM-utvikling til museet om ta på seg eit slikt leiarskap. Vi skal her presentera ein modell for korleis vi meiner eit slikt nettverk kan fungera, og korleis vi kan tenkja oss å leia eit slikt nettverk, parallelt med at vi byggjer opp eit regionalt kompetansesenter knytt til kulturlandskapsfeltet (sjå og kap. 5, fig. 6).

Vi trur ein slik kombinasjonsmodell er meir fruktbart for kulturlandskapsfaget enn eit reint - og isolert - museumsnettverk, då det er ynskjeleg å trekka på fleire aktørar og kompetansemiljø enn berre musea innanfor eit slikt tverrfagleg tema. Det historiske kulturlandskapet som ein ynskjer å formidle om - og eventuelt forvalte/drive ligg stort sett utanfor musea sine eigne område, og kompetansemiljøa på feltet vil og for ein stor del vera å finna utanfor museumsverda. Nettverket treng såleis samarbeidspartnarar utanfor musea for å gjere det optimalt. For De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum er det dessutan avgjerande at også Høgskulen i Sogn og Fjordane vert trekt med i leiinga av museumsnettverket, på grunn av den spisskompetansen høgskulen har på feltet.

Museumsnettverket må fokusere på typiske museale oppgåver som formidling, dokumentasjon og bevaring. I tillegg vil det vera naturleg for eit nettverk som dette å arbeida vidare med tankane vi lanserar her om museal forvaltning av kulturlandskap. Det vil og vere viktig å arbeide med sjølv *kulturlandskapsomgrepet*. Dette er ikkje eit eintydning omgrep, og drøftingar av innhald og av musea sitt forhold til omgrepet - ut frå generelle museumsfaglege synspunkt - vil måtta vera sentralt i eit museumsnettverk. Likevel trur vi det vil vera ei fornuftig funksjonell avgrensing å knyta dette nettverket til *landbrukets kulturlandskap*. Meir konkret kan vi tenkje oss fellesoppgåver som:

- ✓ Arrangere kurs og seminar
- ✓ Registrere og samordne informasjon om handvervskompetanse på gardsarbeid og skjøtselteknikkar
- ✓ Nasjonalt knutepunkt for arbeidsdeling og samordning
- ✓ Formidling
- ✓ Rådgjeving
- ✓ Initiere og utvikle prosjekt
- ✓ Museal drift av kulturlandskap

Dette er alt saman oppgåver som ligg innanfor standarddrammeverket for museumsnettverk, slik dette kjem til uttrykk i utkast til nettverksavtale, utarbeidd av ABM-utvikling.

De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum og Høgskulen i Sogn og Fjordane har prøvt mange av desse samarbeidsfelta lokalt i Sogn og Fjordane gjennom prosjektet *Kulturlandskap og museum*. Høgskulen har også gjennom mange år utvikla både formelle og uformelle nettverk med forvaltninga og landbruksnæringa i fylket, og til andre forskingsmiljø både nasjonalt og internasjonalt. Eit organisert nasjonalt museumsnettverk, slik vi har skissert det her, kan trekka på dette etablerte samarbeidet. Kulturlandskapet i Noreg har stor variasjon, som krev ulik kompetanse. Musea rundt i landet gjenspeglar denne variasjonen, og dei må få kanalar inn til relevante kompetansmiljø.

5.3. Eit regionalt kompetansesenter

Her vil vi skissera ein modell for eit regionalt kompetansesenter, knytt til Sogn og Fjordane fylke. Trongen for kunnskap om kulturlandskapsforvaltning er nedfelt i fleire offentlege planarbeid. Dette initiativet tek utgangspunkt i desse eintydige signala frå styresmaktene, m.a. i Stortingsmelding nr. 19 *Om norsk landbruk og matproduksjon*, og spesielt NOU 2002:1 *Fortid former fremtid (NOU 2002)*.

Målsetjinga er å auke fokus på forskning (figur 8), forvaltning og formidling av tradisjonelle kulturlandskapskvalitetar. Senteret skal vere eit fagleg kraftsenter og ein viktig kunnskaps- og informasjonsbase.

Senteret skal vera eit rådgjevande organ, m.a. for kommunar, og utvikla nye samarbeidskonsept mellom fagmiljø, museum og brukarar, slik at eit variert utval av kulturlandskapskvalitetar vert ivaretekne. Senteret skal spesielt fokusere på fylgjande problemstillingar:

- ✓ Kulturlandskapa forfell – noko må gjerast for å ta vare på dei mest verdifulle kulturlandskapa før dei forsvinn
- ✓ Senteret må drive forskning på aktuelle problemstillingar
- ✓ Senteret skal dekkje behov for fagkompetanse i den offentlege forvaltninga
- ✓ Dokumentasjon av kulturlandskapstypar og biologiske kulturminne
- ✓ Dokumentasjon av gamle skjøtselsteknikkar
- ✓ Kunnskap om kulturlandskapet bør formidlast ut til publikum og skuleverk

Slik vi tenkjer oss eit kompetansesenter skal det vera ein kunnskaps- og informasjonsbase for arbeidet med å ta vare på tradisjonelle kulturlandskapsverdiar. Senteret skal synleggjera dei store verdiane som finst i kulturlandskapet, kva som truer dei, og kva som må gjerast for å oppretthalda og utvikle dei. Det er viktig med eit utfyllande samarbeid med det nasjonale museumsnettverket.

Senteret kan få konkrete arbeidsfelt som:

1) Fagleg nettverksbygging og koordinering

Senteret skal vera eit overbyggjande knutepunkt for kulturlandskapsarbeidet og arbeida for å styrka og koordinera samarbeid innanfor fagfeltet, samt å vidareformidla informasjon til ålmenta. Det vert oppretta eit regionalt nettverk for kulturlandskapsaktørar.

Senteret skal samarbeide aktivt med alle som er opptekne av kulturlandskapsforvaltning, formidle kontaktar og også initiere fagsamlingar for fagmiljø knytt til kulturlandskapsnett.

Senteret skal arbeida for å få til ei rasjonell arbeidsdeling mellom fagmiljø som arbeider med kulturlandskapsspørsmål.

Reiseliv er ei viktig næring i Sogn og Fjordane, og kulturlandskapet er ein viktig ressurs for reiselivet. Det regionale kulturlandskapsnettverket må også omfatta reiselivsnæringa.

2) Formidling og informasjon

Senteret skal generera og spreia kunnskap om kulturlandskapet. Truleg bør eit senter kunna vera næringsretta mot reiselivsnæringa. Her er det eit stort kunnskapsbehov, i ei næring med stort utviklingspotensiale. Senteret skal ha ei god tverrfagleg tyngde og eit høgt ambisjonsnivå når det gjeld formidling. Formidling skal skje både gjennom ulike slag publikasjonar, (fagrapportar, brosjyrar, temabøker og konferanserapportar) nettbasert informasjon og gjennom permanente og skiftande utstillingar og gjennom spesielle formidlingsopplegg retta mot turistar og reiselivsnæring.

Senteret skal vera ein sentral for formidling av informasjon om viktige fagmiljø, oppdatering av relevante regionale, nasjonale og internasjonale konferansar, fagstoff og viktige forskingsresultat, artiklar og bøker.

Trongen for kunnskap vil og gjelde for mange grunneigarar som har ansvaret for å forvalte kulturlandskapet dei eig. Gardbrukarar må stadig omstille drifta, og mange meiner stell av kulturlandskapet vil vere viktigare i framtida. Mange har difor eit behov for ein stad å vende seg til for å få opplysningar og hjelp til planlegging, restaurering og skjøtsel. Det er trong for eit register med oversikt over fagmiljø og ressurspersonar.

Senteret skal kunne ta initiativ til eller organisere regionale, nasjonale, nordiske og internasjonale konferansar om kulturlandskap, eventuelt i samarbeid med andre aktørar. Senteret skal sjølv arbeida med dokumentasjon av tradisjonelle skjøtelsesmetodar og arbeidsteknikkar.

3) Rådgeving og tenesteyting

Senteret skal gjennom fagleg kontaktformidling, og med støtte frå ulike fagmiljø, yta tenester til og vera eit rådgivande organ for den offentlege forvaltninga og andre som treng hjelp til spørsmål knytt til kulturlandskapet, ikkje minst gjeld dette utarbeiding av forvaltningsplanar, drifts-, skjøtelses- verne- og miljøplanar. Slik forvaltninga ser ut til å bli, vil det vera særleg aktuelt å gi råd og yta tenester til kommunar. Stadig fleire oppgåver innan kultur- og miljøområdet vert delegert ned til kommunane som blant anna er pålagde å utarbeide strategiplanar for kulturlandskapsarbeidet. Gapet er ofte stort mellom det styresmaktene og grunneigarar krev kommunane skal gjere, og det kvardagen tillet. I ei spørjeundersøking som Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennomførte hausten 2002 om tema kulturlandskap, svarde mange kommunar at dei ynskjer meir kunnskap og samarbeid på dette feltet.

Senteret skal arbeide i samarbeid med den fylkesomfemnande Kulturlandskapsgruppa og skal kunne spørjast om råd i gjennomføringa av strategiske tiltak for verdifulle kulturlandskap.

Senteret skal sjølv arbeida med å utvikla forvaltnings-, tiltaks- og skjøtelsesmodellar for ulike kulturlandskapstypar, i samarbeid med private og lokale institusjonar, t.d. museum.



Figur 8. Kompetansesenteret må fokusere på forskning på kulturlandskapet som her frå etableringsforsøk av urterike enger på Sunnfjord Folkemuseum. Viktig er også formidling av forskingsresultat. Foto: Liv Byrkjeland.

4) Forsking

Forsking på tradisjonelle kulturlandskap og kulturmiljø vil bli ei sentral oppgåve for kompetansesenteret. Kulturmarker er labile vegetasjonssystem som er påverka av både naturlege økologiske faktorar som t.d. temperatur, råme, jordsmonn. Viktige er og menneskelege aktivitetar som slått, beite, opparbeiding, gjødsling osv.

Forsking på ulike kulturmarkstypar er viktig for å forstå samspelet mellom utformingar av kulturmarker, biologisk mangfald og jordbruksdrift (husdyrhald og menneskeleg aktivitet). Slike økologiske prosessar er eit grunnlag for oppretthalding og utvikling av kulturlandskapet. Sentralt i fagleg dokumentasjon vil vere etablering av langsiktige overvåkingsprosjekt. Vidare kan ulike etableringsforsøk vere relevante. Det bør også systematisk utarbeidast ulike grader av skjøtsels-, tiltaks- og dokumentasjonsplanar for verdifulle kulturlandskap.

5.4. Organisering

Det planlagde senteret må ha formell status og aksept for å framstå som eit fylkesfemnande kompetansesenter for kulturlandskap. Det er vanskeleg å forutsjå kor omfattande verksemda ved senteret kan verta, difor vert det gjort framlegg om å etablere senteret etter ein modell som er fleksibel, og slik at aktiviteten kan tilpassast økonomi og behovet for tenester.

Det planlagde senteret må ha sitt utspring i fagmiljøet ved Seksjon for landskapsøkologi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det kan også utvidast med fagressursar frå Avdeling for samfunnsfag (lokalhistorie) ved HSF og personale ved De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum og andre kompetansmiljø i regionen.

Tilsette ved desse institusjonane bør inngå i kompetansesenteret gjennom delstillingar eller ved frikjøp frå ordinære stillingar. Det er viktig at senteret kan utnytta mange og ulike fagmiljø, då kulturlandskapa er komplekse system som krev fleirfagleg tilnærming og tverrfagleg forståing. Senteret bør og vere ope for å kunna integrera stillingar som eventuelt kan bli avvikla i statleg eller fylkeskommunal kulturmiljøforvaltning. Senteret sin aktivitet bør i fyrste omgang koplast opp mot aktiviteten ved vertsinstitusjonane, og eksisterande infrastruktur bør utnyttast, slik at ein ikkje treng å store investeringar for å etablera senteret. Senteret skal ikkje framstå i konkurranse med vertsinstitusjonane, men vere ein del av dei.

Senteret må i første rekke vere samansett av fagpersonar med kompetanse innan vegetasjonsøkologi, kulturlandskapsfag, landbrukshistorie, landskapsarkitektur, planfag og kulturminneforvaltning, eller arkitektur, arkeologi og reiseliv. Det må byggja på eksisterande kompetanse, men er avhengig av også å få tilført friske stillingsressursar.

Senteret må minimum ha ei full stilling som dagleg leiar og informasjonsvarleg, midlar til å knyta til seg fagpersonar frå dei to samarbeidsinstitusjonane slik at senteret får råderett over to årsverk i tillegg til dagleg leiar. Senteret bør ha ein prøveperiode med påfylgjande evaluering. Prøveperioden bør vera på fem år.

5.4.1. Formell organisering

Det bør arbeidast vidare med den formelle organisasjonsmodellen. Både stifting, aksjeselskap og ei organisering innanfor høgskulen er aktuelle alternativ. Vi vil rå til at ein startar opp med ei høgskuleintern organisering, og at ein vurderer endeleg organisasjonsform når ein har hausta ein del erfaringar. Det er viktig at dei to deltakarinstitusjonane har god styring med senteret. Det er viktig å få eit handlekraftig og ikkje for stort styre.

5.4.2. Økonomi

For å starta opp må senteret ha ei basisfinansiering. Senteret må også rekna med å skaffa mykje av driftsgrunnlaget sit gjennom eigeninntening. For eit regionalt nettverks- og kompetansesenter vil truleg basisfinansieringa lettast koma i stand gjennom eit spleiselag. Fylkeskommunen, den statlege miljø- og landbruksforvaltninga, landbruksorganisasjonane og vil vera naturlege finansieringspartnarar. I tillegg vil vertsinstitusjonane delta i finansieringa, både gjennom overføring av arbeidskraft og gjennom bruk og tilrettelegging av infrastruktur.

Ein må kunna kalkulera med gradvis større eigeninntening, men med så stort omfang som generelt informasjons- og formidlingsarbeid og nettverks- og kontaktarbeid er tenkt å ha i senteret, er det avgrensa kor stor eigeninnteninga kan bli med basisbemanninga. Gjennom sal av tenester kan senteret ekspandera, og skal bemanninga bli større enn det skisserte, må dette skje gjennom eigeninntening.

VI. Oppsummering og konklusjon

Store naturverdiar, kulturhistoriske verdiar og opplevingsverdiar er knytt til det norske kulturlandskapet. Endringar i rammevilkår for landbruket med blant anna krav om omsetjing over eit visst nivå for å få produksjonsstønad, fører til at små og mellomstore gardsbruk med allsidig småskalaproduksjon vert lagt ned. Dei største kulturlandskapsverdiane er ofte knytt til dei små bruka. Tidlegare støtteordningar for å ivareta biologiske og kulturhistoriske verdiar i landbruket fell og bort dersom gardbrukaren ikkje får produksjonsstønad (STILK-midlar). Situasjonen ser dårleg ut for småskalalandbruket og kulturlandskapet. Det blir stadig færre folk til å utføre nødvendig skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet vårt.

Det er nødvendig med nytenking for å kunne oppretthalde dei biologiske og kulturhistoriske verdiane knytt til det tradisjonelle småskalalandbruket. I denne rapporten er musea si rolle i forvaltninga av verdifulle kulturlandskap presentert. I tillegg til å forvalte og drive egne eigedomar, bør ein museal forvaltningsmodell for tradisjonelle kulturlandskap og kulturmiljø også omfatta viktige kulturlandskapsverdiar i verneområde og i regionen elles. Mange museum har kompetanse på historiske driftsteknikar og eldre jordbruksreiskap. Vi føreslår å prøve ut ein museal forvaltningsmodell for verdifulle kulturlandskap i Sogn og Fjordane.

Kva for kulturlandskap, kulturmarker og kulturmiljø som skal inngå i eit slikt prøveprosjekt på museumsforvaltning må diskuterast i fleire fagfora. Her kan ein støtte seg både til dei kommunevise registreringane av kulturlandskap med prioriteringar for fylket, og til dei nasjonale registreringane. Nye område må og vurderast, og det kan vere område som ikkje lenger er eigna. Vi føreslår difor at det vert gjennomført ei ajourføring, supplering og prioritering kulturlandskapsområde i kommunane, samtidig som områda vert vurdert om dei er eigna for museal forvaltning. Kulturlandskapsgruppa i fylket bør vere sentral i utveljinga av område. Samtidig må det utviklast eit dokumentasjonsprosjekt og referansearkiv for tradisjonelle driftsteknikkar. Den lokale kunnskapen knytt opp mot økologiske prosessar er heilt avgjerande i forhold til framtidig skjøtsel av områda for å kunna ta vare på kulturhistoriske og biologiske verdiar.

Det er viktig å formidle om både kulturlandskapsverdiane, driftsteknikkar, skjøtselsteknikar og resultat frå relevante forskingsprosjekt. Universiteta har sine universitetsmuseum, men høgskulane manglar denne formidlingskanalen. Her kan regionale museum og høgskular utvikla eit samarbeid. Vi føreslår å utvikle dette vidare i Sogn og Fjordane innanfor tema kulturlandskap gjennom utstillingar og interaktiv informasjon. I tillegg føreslår vi å opprette eit "Fagleg forum" eller "Forsøksring for kulturlandskap" organisert under "Kulturlandskapsgruppa" i fylket som ei prøveordning i Sogn og Fjordane.

I denne samanhengen er det naturleg å vurdere om det kan utviklast eit kompetansesenter for kulturlandskap. Ulike miljø har teke initiativ til oppbygging av kulturlandskapssentra både lokalt og nasjonalt, men det finst ikkje noko samlande nasjonalt miljø eller nettverkssenter for kulturlandskapsfag. Etablering av eit fagleg kompetansesenter vil vere viktig i forhold til utfordringane i landbruket, og i forhold til fordeling av arbeidsoppgåver. Det ser likevel ikkje ut til at tida eg mogen for å utvikle eit vidtfemnande nasjonalt kompetansesenter, men det kan vere aktuelt å utvikle eit nettverksenter innanfor museumsforvaltning med nasjonal overbygging.

Mange prosjekt har vorte initiert i samarbeidet mellom Seksjon for Landskapsøkologi/HSF Fjordane og De Heibergske Samlinger/SF i prosjektperioden, og institusjonane ynskjer å

vidareføra og utvikla samarbeidet framover i fire viktige samarbeidsområde mellom museum og høgskule (uprioritert liste):

1. Forskings- og utviklingsarbeid.....

- ✓ Oppbygging av eit referansearkiv for tradisjonelle arbeidsteknikkar knytt til kulturlandskapet på vestlandet.
- ✓ Revisjon av dei 26 kommunale kulturlandskapsrapportane i Sogn og Fjordane med suppleringar og prioriteringar
- ✓ Vidareutvikle eksisterande forskingsamarbeid: a) engetablering (Sunnfjord Museum), kjøtgeit-prosjekt (Nordfjord Folkemuseum) og ta initiativ til nye samarbeidsprosjekt.

2. Formidling

- ✓ Forskingsformidling - forskingsdagane
- ✓ Jordbruksutstilling (med kulturlandskap integrert) på De Heibergske Samlinger/Sogn Folkemuseum og Sunnfjord Museum
- ✓ Utvikle samarbeidet med alle regionmusea i Sogn og Fjordane.
- ✓ Utvikling av praktiske restaurerings- og skjøtselskurs i samarbeid med Kulturlandskapsgruppa i Sogn og Fjordane
- ✓ Undervisning – vidareutvikling av samarbeidet mellom høgskule og museum.
- ✓ Ta initiativ til seminar og konferansar innan tema kulturlandskap i samarbeid med Kulturlandskapsgruppa og andre aktørar.

3. Kompetansesenter og nettverksbygging

- ✓ Styrke og vidareutvikle eit kulturlandskapscenter i Sogn og Fjordane
- ✓ Samarbeide om å vere knutepunkt for eit Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap
- ✓ Opprette eit Fagleg Forum (forsøksring) for kulturlandskapsforvaltning i Samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Kulturlandskapsgruppa og kommunane i fylket.
- ✓ Kome med innspel til fylkesplanarbeidet

4. Utprøving av skjøtsels- og forvaltningsmodellar med musea som viktige aktørar og Sogn og Fjordane som prøvefylke.

Nokre av tiltaka som er føreslått i denne rapporten kan delvis inngå som ein del av det ordinære FoU arbeidet ved Seksjon for landskapsøkologi ved HSF og De Heibergske Samlinger/Sogn Folkemuseum. For mange av prosjekta er likevel ekstern finansiering ein føresetnad.

Litteratur

Austad, I. & Hauge, L. 1987. Galdane i Lærdal kommune. Metodeopplegg for istandsetting og skjøtsel av kulturlandskapet. Økoforsk utredning 1987:4. 64 s.

Austad og Hauge 1989: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane. Foreløpig klassifisering av landskapsøkologiske enheter. Rapport 2. Sogn og Fjordane distriktshøgskule Skr. 1989:12. 81 s.

Austad, I, Hauge, L. & Helle, T. 1993. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport. Avd. for landskapsøkologi, Sogn og Fjordane distriktshøgskule. 54 s.

Austad, I. & Aaraas, O. 1990. De Heibergske Samlinger/Sogn folkemuseum. Landskaps- og driftsplan for friluftsmusèet. 92 s. Sogn og Fjordane distriktshøgskule Skr. 1990:1.

Austad, I. & Øye, I. et al. 2001. Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system. I Skar, B. (red.): Kulturminner og miljø. Forskning i grenseland mellom natur og kultur. s. 35-205. Norsk institutt for kulturminneforskning.

Austad, I. & Ådland, E. 2002. (red.): Kulturminner, kulturlandskap og kultur-turisme. Rapport fra seminar i Sogndal 27.-28 november 2000. Bergen museums skrifter 11. Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Austad, I., Hamre, L.N., & Ådland, E. 2003. (red.): Gjengroing av kulturmark. Rapport frå nordisk forskerseminar i Sogndal 15. – 18. september 2001. Bergen museums skrifter nr. 15. Universitetet i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Byrkjeland, L. 2002. Utvikling av naturhistoriske museumstilbod i Sogn og Fjordane. Norsk museumsutvikling; 1:2002. 28 s.

Clemetsen, M. 1997. Evaluering av utvalgte kulturlandskapsområder i Sogn og Fjordane. Bremanger og Lærdal kommuner. Høgskulen i Sogn og Fjordane. Rapport 1-1997. 32 s.

Dahle, E. 2000. Plan for arealbruk, skjøtsel og drift av friluftsmuseet. De Heiberske Samlinger – Sogn Folkemuseum.

Direktoratet for naturforvaltning, 1994. Verdifulle kulturlandskap i Norge. Mer enn bare landskap! Del 4. Sluttrapport fra det sentrale utvalget. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. 117s.

Fremstad, E. & Moen, A. 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. Rapport Botanisk serie 2001:4. 231s.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga, 2002. Strategiplan for arbeid med kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Handlingsplan 2002-2005. Kulturlandskapsgruppa i Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune 2002. Fylkesdaleplan for landbruk i Sogn og Fjordane (Høyringsutkast). Godkjent av Fylkesutvalet 28. mai 2002.

Hauge, L. 2002. Kulturlandskap og museum. Er musealt vern nødvendig for å verna deler av det historiske kulturlandskapet? I Austad, I og Ådland, E (red.) Kulturminner, kulturlandskap og kultur-turisme. Rapport fra seminar i Sogndal 27. – 28. november 2000. Bergen Museums Skrifter nr. 11.

Hauge, L., Byrkjeland, L., Austad, I. og Engesæter, Aa. 2002. Nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap. Upublisert notat. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Heiberg, E. 1999. Planlegging i kulturlandskapet - når bruk og vern skal kombineres. 129s. Landbruksforlaget.

Miljøverndepartementet 2001. Styrking av det kommunale miljøvernarbeidet - ansvar og myndighetsfordeling mellom stat og kommune på miljøvernområdet. Rapport fra arbeidsgruppe nedsatt av Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Kommunenes Sentralforbund. Oslo, 1. oktober 2001

NIJOS 1993. Landskapsregioner i Noreg. Kart M 1:2000 000. Vedlegg til rapport: Landskapsregioner i Norge, beskrivelser. Norsk Institutt for Jord og skogkartlegging. Ås.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999 (red.): Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle, norske kulturmarker. 252 s. Landbruksforlaget.

NOU 2002. Fortid former framtid, utfordringar i ny kulturminnepolitikk.
Sogndal kommune 1998. Kommuneplan Sogndal kommune 1999-2011. Del 1. Mål og strategiar. NOU 2002:1.

Pettersson, M. 2003. Skjøtselsplan for gardsbruket Kirketeigen. Kandidatoppgåve i landskapsforvaltning og planlegging. Høgskulen i Sogn og Fjordane. Upubl. 94 s.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune 2000. Fylkesplan for Sogn og Fjordane 2001-2004. Fylkesdelplan for Arealbruk. Mål, utfordringar og retningsliner.

Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000). ”Om norsk landbruk og matproduksjon”.

Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000). ”Kjelder til kunnskap og oppleving.” (ABM-meldinga). Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet.

Stortingsmelding nr. 31 (2000-2001). ”Kommune, fylke, stat – en bedre oppgavefordeling”.

Stortingsmelding nr. 48 (2002-2003). ”Kulturpolitikk fram mot 2014” (Kulturmeldinga).

Strumse, E. 1996. The psychology of aesthetics: Explaining visual preferences for agrarian landscapes in Western Norway. PhD. thesis, University of Bergen.

Ådland, E., Austad, I. & Indrelid, S. 2000. (red.): Det vestnorske kulturlandskapet. Bergen museums skrifter 2000:6. 88s. Universitetet i Bergen.

Aaraas, O. & Austad, I. 1989. De Heibergske Samlinger. Fra museumsområde til levende gårdsbruk. Årbok for Norsk Landbruksmuseum; Jord og Gjering 1989:35-43.

Relevante publikasjoner frå prosjektet "Kulturlandskap og museum":

Aasebø, K.E. 2001. Forvaltningsplan for uteområdet på Nordfjord Folkemuseum. Kandidatoppgåve i Landskapsforvaltning og planlegging, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Upubl.

Hjellbrekke, M.H. & Kluck, S.A.S. 1994. Med fortida som framtid. Drifts- og skjøtselsplan for Sunnfjord Museum. Kandidatoppgåve i Landskapsforvaltning og planlegging. Upubl.

Petterson, M. 2003. Skjøtselsplan for gardsbruket Kirketeigen. Kandidatoppgåve i landskapsforvaltning og planlegging, Høgskulen i Sogn og Fjordane. Upubl.

Hauge, L & Austad, I. 2003. Kulturlandskap på museum. Museumsnytt nr. 1 2003.

Hauge, L. 2002. Kulturlandskap og museum. Er musealt vern nødvendig for å verna deler av det historiske kulturlandskapet? I Austad, I og Ådland, E (red.) Kulturminner, kulturlandskap og kultur-turisme. Rapport fra seminar i Sogndal 27. – 28. november 2000. Bergen Museums Skrifter nr. 11.

Hauge, L., Byrkjeland, L., Austad, I. og Engesæter, Aa 2002. Nasjonalt kompetansesenter for kulturlandskap. Upublisert notat. Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Hauge, L., Austad, I. Byrkjeland, L. & Engesæter, Aa 2003. Kulturlandskap på museum?. Årbok 2003. Fortidsminneforeningen: Kulturmiljø og landskap.

Aktuelle nettsider:

www.fjellatlas.no

www.fjordarv.no/

www.hisf.no